



Svenn Erik Eide
Øvre Tofte 3

5454 Sæbøvik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2026/3958		21.05.2026

Mangelbrev - Søknad utan ansvarsrett - 196/1

Viser til søknad, journalført 05.05.2026.

Dokumentasjon som manglar

1.

Du lyt **opplyse byggesaka med målsett situasjonsplan**(kartutsnitt som viser målsett bygg plassert med målsett avstand til eigedomsgrenser og veg). Innsendt bilde av kartskisse syner ikkje bygget plassert med avstand til eigedomsgrenser/veg.

2.

Det er i saka sendt inn foto av nabovarsel .Dette då for gbnr. 194/10,195/1 og 193/79. Rettidige naboar er også gbnr. 193/1,193/37 og gbnr. 194/1, og de er vurdert at også desse lyt varslast. Målsett situasjonsplan, snitt- og fasadetegningar er vedlegg som lyt følgje varselet.

Kvittering for nabovarslinga til alle varsla naboar lyt opplysast saka, ref. SAK10 § 5-4.

3.

Eigar av gbnr.193/79 har oversendt til kommunen kommentar til nabovarsling. Denne skal eigar av gbnr. 193/79 ha sendt deg på e-post 08.05.2026, og det blir kommentert at kartskissa ikkje viser plassering i forhold til eigedomsgrenser.

Det kjem ikkje fram frå nabovarselet om vedlegg utover kartskisse følgde med varselet. Målsett situasjonsplan, snitt- og fasadetegningar er vedlegg som lyt følgje varselet, og det er vurdert at du lyt sende **situasjonsplan til eigar gbnr. 193/79 og be om ei skriftleg attendemelding på om det er merknad til plassering slik då vist. Om det kjem merknad lyt du svare ut denne og kopi av merknad og tilsvar lyt opplyse saka.**

4.

*Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende, ref. pbl. § 27-4. **Kopi av tinglyst vegrett eller tilsvarandel lyt opplyse saka.***

5.

Saka er sendt landbruksmynde for uttale. Dette til orientering.

Kva må du gjera?

De kan senda dokumentasjon som manglar til kommunen i posten eller elektronisk til post@kvinnherad.kommune.no. Merk saken med saksnummer 2026/3958. Når vi har motteke dokumentasjonen er søknaden fullstendig og kan handsamast.

Dersom vi ikkje har motteke dokumentasjon som manglar innan 1 måned vert saka arkivert.

Byggearbeid kan ikkje settast i gang før søknaden er handsama.

Har de spørsmål?

De finn meir informasjon på heimesida vår <https://www.kvinnherad.kommune.no/>

De kan også ta kontakt med oss på e-post post@kvinnherad.kommune.no. Husk å merka e-posten med saksnummer 2026/3958. Vi har telefonvakt tysdag – torsdag frå 09:00 – 15:00.

Med helsing

Byggesaksavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.